

*Preike ved konfirmasjon til H.K.H. Prinsesse Ingrid Alexandra*

*Slottskapellet i Oslo den 31. august 2019*

*Biskop Kari Veiteberg*

**Kjære konfirmant, prinsesse Ingrid Alexandra.**

**Kjære, kjære alle saman!**

For femten år sidan var vi samla her, rundt døypefonten fylt med vatn (NRK zoomar inn) og nokre av oss hugsar: Marius som heldt lyset, barnegråten, tårer og smil.

Kongen heldt deg i armane og biskopen tok tre auser med vatn. Du blei døypt med vatn frå Jordanelva for verkeleg å understreke at når vi får vatnet aust over oss, lyder den same røysta som lydde frå himmelen då Jesus vart døypt, i Jordanelva:

«Dette er min Sønn, den elskede, i ham har jeg min glede.» (Matt 3,17)

«Dette er mitt barn, ho som eg elsker, i ho har eg mi glede.»

I evangelieteksten som vi høyrde i stad handla det om eit møte rundt ei anna vatnkjelde: Jesus samtalar med ei samaritansk kvinne ved ein brønn. Samtalen går fram og tilbake som ein samtale skal være når ein ser kvarandre i augehøgde. Jesus innleier ved å spørre: «Har du vatn til meg?»

Det blir ikkje noko samtale før ein tørr å spørre. Og det bli ikkje noko vi kan lære av, eller kanskje bli forandra av, dersom vi ikkje tørr å spørre om det vi *eigentleg* lurar på, ja, om vi tørr å ta opp det vanskelige.

Konfirmantpresten i Asker, Karoline Astrup fortel at de konfirmantar sjølv, på demokratisk vis, valgte tema og spørsmål som de synes er viktige, ikkje for oss vaksne, men for dykk: Asker-konfirmantane valgte: 1) Press, stress og psykisk helse. 2) Krig, terror, IS, rasisme. 3) Rus og alkohol og 4) Sex, samliv, homofili og porno.

Konfirmanten og konfirmantpresten veit korleis samtalene og undervisninga blei. Men utgangspunktet for å gjere det slik, som presten Karoline seier det, er «at det ikke er noe vi mennesker er opptatt av som ikke angår troen vår».

Vi var saman på gudstenester i Bymisjonssenteret Tøyenkirka, konfirmanten og eg. Konfirmanten og ei venninne var med å lese bibeltekst og å dele ut nattverd. Vi snakka litt om konfirmasjonstida og du sa: «Spør meg ikkje om kven som blei kasta i brønnen og

sånn, det blei faren min spurt om. Men spør meg gjerne om noko skikkelig vanskelig, og si fra på forhånd!»

Kjære konfirmant, dessverre kjem det ingen vanskelige spørsmål frå meg. Eg vil heller seie: Hold fram med å stille spørsmål om det som er viktig og vanskeleg! Og finn gjerne fram til dei vaksenpersonane, eller dei vennene, som har evne og klokskap til å romme dei. Som ser deg og vil deg vel. Som det heiter i ein av våre nye dåpssalmar:

*«Når du vokser og blir stor,  
skal du be om sanne ord.  
Du er døpt til kjærlighet,  
åpenhet og ærlighet!  
Spør oss ut om tro og håp,  
nattverd, bønn og barnedåp!  
Spør om hva din Skaper vil  
du skal bruke livet til»*

Nr 589 i Norsk salmebok

...

Konfirmasjonen har ei lang historie i Danmark-Norge. Ein av dei aller viktigaste bøkene i norsk tradisjonshistorie, blei nettopp skriva då kongen bestemte at både konfirmasjon og skolegang skulle vere obligatorisk i 1736, to hundre år etter reformasjonen i kongeriket.

Erik Pontoppidan, som ei stund også var biskop i Bergen, skreiv boka «Sandhed til Gudfrygtighed», også kalla Pontoppidans katekisme. Boka inneheld over 750 spørsmål og svar. Konfirmantane skulle lære begge delar utenat (!) - sånn at dei kunne svare for seg på overhøringa og dermed vite kva den kristne trua dreidde seg om.

I dag oppfattar vi det som ein skikkeleg luresamtale, der ein vaksen autoritetsperson formulerer både spørsmål og svar. Alt som då står igjen er å pugge begge delar.

Kyrkja si oppgåve er ikkje å gi svar på spørsmål ingen stiller og eg trur heller ikkje at konfirmasjonsundervisning først og fremst handlar om å formidle lærestoff å pugge.

Eg skal ikkje spørje etter svar på *kven* som vart kasta i brønnen! Eg vil heller samtale om kva som kan komme *opp* av brønnen når vi deler, - kva det livgivande vatnet er? Og kvifor dåpen er viktig? For eg har høyrte og veit at mange unge, og ikkje berre unge, ofte

kjenner at livet buttar imot: Nådelause krav om å vere slik og slik. Erfaringar av å kjenne seg utafør. Å slite med å orke å leve. Å finne håp og meining. Å vere meg som eg er, og kjenne at eg er god nok. Den viktigaste oppgåva for kyrkja i ein slik situasjon er å høyre og arbeide for å spreie livsmot og livsglede: Lyst til å leve og mot til å kjempe mot vondskapen og dødskreftene. Spreie håpshistoriar sånn at vi saman kan skimte ei anna framtid. Ei framtid for Moder jord, for kvarandre og alt levande.

Det er Johannesevangeliet som fortel om samtalen ved brønnen og det livgjevande vatnet. Som i samtalen med Nikodemus rett før, er vatn verkeleg vatn i evangeliet. Samtidig peikar det mot på vatnet i dåpen. Eg har dei siste åra hatt samtalar om dei heilt grunnleggjande tinga, og eg har fått høyre: Dåpen gir meg trygghet. Eller: Eg treng ei forankring i noko som er større enn meg, noko som varer, - i ein kjærleik som er sterkare enn døden. Eg vil gjerne bli døypt.

Både som gateprest og som biskop har eg lært er det at fins viktige og nye spørsmål hos yngre generasjonar som vi må ta på alvor. Og som vi må samtale om, på likefot. Eg har fått høyre at noko av det viktige kyrkja kan tilby er å kunne vere saman i eit rom, utan krav, dele og vere i stillheit, og i augehøgde kunne samtale om det som verkeleg er vanskeleg, og leite etter håp.

Som i forteljinga om Jesus og kvinna ved brønnen: - Rundt ei kjelde med vatn møtes dei: Jesus spør om noko praktisk: «Har du vatn til meg?». Så flyt samtalen som vatnet renn. Samtalen dreier seg om alt frå det livsnødvendige til det heilt nærgående, frå sex og samliv til spørsmålet om forskjellen mellom ulike religiøse tradisjonar, - kor skal vi tilbe trygt?

Alle som kjenner forholda i Israel og Palestina i dag og også situasjonen i Oslo bispedømme veit at dette siste stadig er spørsmål om liv og død. Jesu samtale med kvinna handlar om å bli sett og å bli sett fri. Kvinna blei sett av eit blikk, som ikkje å dømmer og knugar ho ned, men som sette henne i stand til å rette ryggen og vere seg sjølv, til å møte blikka og la stemma bli høyrd i byen.

Denne kvinna er vår første misjonær.

Forteljinga oppfordrar meg til å løfte mitt eige blikk. Og rundt meg og oss, ser vi menneske som er skapte av Gud og elska av Gud. - Som kanskje lever med andre tradisjonar og har andre skikkar. Som kanskje blir sett på som ureine, eller som nokon eg blir bedt om å halde meg unna. Jesus gjekk rett bort å drakk av ausekaret til denne kvinna. Og gav ho kjelda som gir liv.

La oss ta vare på kvarandre, på vatnet og alt levande, på heile skaparverket.

I hendene held vi noko, vi som er her i slottskapellet: «Når dette papiret legges i jorda, vil det med tiden vokse fram forskjellige sommerblomster. Jeg håper det kan være et fint minne, og en påminnelse om vi skal ta vare på jorda vår.»

Takk konfirmant! Du er ein av dei mange unge som ber folk om å gjere noko for miljøet, ikkje berer prate. Ved å plante gjer vi noko, og blommar som veks bærer håp i seg.

Igjen: La oss ta vare på kvarandre og den sårbare jorda vår til ære for Faderen, Sonen og Den heilage ande, Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

Biskop Kari Veiteberg

Oslo, 31. august 2019